



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Byggesak  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
20.05.2015	
Ark. saksnr	Løpnr
Saksh.	Tilgangskode

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:  
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:  
2015/058942-002

Dykkar referanse:  
14/6444

Vår dato:  
18.05.2015

### Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen - Felles avlaupsanlegg - Gnr. 148 bnr. 2 i Lindås kommune - Ber om uttale

Vi viser til Dykkar oversending av 12.05.15 med søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for etablering av felles avlaupsanlegg i område avsett til LNF-føremål og delvis innanfor 100-meters beltet langs sjø på gnr. 148 Litleeskare i Lindås kommune.

Det vert søkt om å legge separat avlaupsanlegg frå 13 eigedomar på Litleeskare frå eigedomane og fram til sjøen. Deler av anlegget vil ligge langs fylkesveg 404 Skarsvegen. Avlaupsanlegget vil krysse fylkesveg 404 ved Skarsvegen 679 og eit avstikk vil krysse fylkesvegn ved Skarsvegen 657.

Statens vegvesen har ikkje vesentlege merknader til at det vert lagt nytt felles avlaupsanlegg frå eksisterande eigedomar i området fram til sjøen. Vi gjer merksam på at på strekninga mellom Skarsvegen 679 og 657 der anlegget er vist langs fylkesveg 404 må anlegget leggest så langt frå eksisterande veg at det ikkje kjem i konflikt med framtidig utviding av vegen. Vi vil her foreslå at anlegget vert lagt minimum 3,0 meter frå vegkanten på fylkesvegen.

Når det gjeld kryssing av fylkesvegen må det søkjast Statens vegvesen om graveløyve. Slik søknad kan sendast til [nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no](mailto:nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no). Før det kan gjevast løyve til arbeid med etablering av nytt avlaupsanlegg må det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan som skal godkjennast av Statens vegvesen. Dette kravet gjeld og strekninga der nytt avlaupsanlegg vert lagt langs eksisterande fylkesveg.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

*Sindre Lillebø*

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

*Odd Høydalsvik*  
Odd Høydalsvik

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Spelhaugen 12  
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon:  
Telefaks:

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen